

Fra: Rita Birkeland (birkerita@live.no)

Sendt: 26.06.2017 14:34:30

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Fwd: Uttale Reguleringsplan for bru-Duesundøyna.

Vedlegg:

Til den det måtte vedkome!

Ynskjer at fylket får kopi av min uttale!

Har fått signal frå kommunerepresentantar og ABO på at eg og dei andre råka på øyna ikkje vil ha noko som helst innverknad på prosessen.

Mvh Rita Birkeland-Sleire, 90894771

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: birkerita@live.no

Dato: 25. juni 2017 kl. 22.44.36 CEST

Til: offentlig.ettersyn@abo-ark.no

Kopi: post@masfjorden.kommune.no, fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Emne: Uttale Reguleringsplan for bru-Duesundøyna.

Uttale til "utviding av planområdet for reguleringsplan for bru over Masfjorden".

Viser til brev frå ABO Plan & Arkitektur AS datert 08.06.17, mottatt pr. post 12.06.17.

Fyrst vil eg påpeike ein vesentleg feil i skrivets fyrste avsnitt. Der hevdast det at eg har mottatt skriv i 2014 og 2015. Dette stemmer ikkje, då eg ikkje har mottatt noko form for varsel før no. Det eg har visst, og trudde var gjeldande per dags dato, er teikningar og tilhøyrande utgreiingar frå offentlege allmenne kommunikasjonskanalar som årsmelding og heimeside. Der har det vore førespegla svært lite inngripen i øyna, samt veg tett opptil eksisterande trasé! Frå kommunalt hald har det vore tydelege signal på at bustadfeltet ikkje på noko måte ville verte råka! Dei to siste utvidingane i 2015 og 2016, har for meg vore ukjend fram til no. Heller ikkje i 2016 har eg mottatt noko varsel. Kartet de legg ved med forklaringa "eksisterande planområde" var heilt ukjend for meg! Ein nabo har no synt meg dette skrivet. Eg set stort spørsmålsteget ved sakshandsaminga, og den juridiske prosessen knytt til denne!

Kommunen ynskjer folkevekst og tilflytting. Dette er noko av argumenta for bru. Dette er også argumentet som gjer at eg bur på Duesundøyna. Feltet vart regulert til bustader, fritidsbustader, friluftsområde og infrastruktur i 2009. Eg kom tilbake til mi heimbygd 2008 som aleinemor og i ein akutt vanskeleg situasjon. Eg fekk noko hjelp frå kommunen, samt svært høg eigeninnsats ved dagnadsinnsats frå halve bygda. Me flytta inn i trygg base 2010. No bur me fire her! Sidan har eg kjøpt ein nabotomt, for å få noko meir uteplass rundt huset. Eg har konkrete planar om å byggje garasje til mitt hus på noko av denne. Det er vidare tenkt å anten selje hovuddelen av tomta til andre, eller sjølve investere i eit nytt hus for seinare generasjonar og utleige. (Noko kommunen har eit stort udekka behov for.)

Eg har stemt for bru og sitjande ordførar i to periodar. Eg er for bru og har ete brukake! Likevel! -Her må me som bur her verte tatt med i prosessen! Dette skapar frykt og motstand! Eg ynskjer to skritt

tilbake, og skikkeleg utredning av flytebru. Det er ikkje eit greitt argument at me ikkje har tid! Eg har lese avisartikkelen i strilen som kom ut 09.06.17, dagen etter dykkar brev er datert- og før eg mottok det! På bileta som vert brukt, er hus og hytter tatt vekk. Dette likar eg dårleg. Vidare har eg lese i årsmeldinga for 2016 om hengebrukonseptet som no vert vurdert. Dimensjonane på konstruksjonane skremmer meg! Dette verkar uforholdsmessig stort sett i samband med øyas areal og høgde! Mitt hus ligg på kote 42, brutårnet er 100 i årsmeldinga og 110 i fylgje ABO. Ser også med bekymring på kor langt inn på land berekablane vil måtte kome.

Eg opplever at informasjonen er tilfeldig og mangelfull! Eg opplever at kommunen no må skynde seg for å få inn søknad og godkjenning før årsskiftet for å sikre seg brumidlar i 40 år. Det vert sagt at me har ikkje råd til å vente! Me har heller ikkje råd til å skunde oss!! Brua skal stå lenge! Me som bur her ynskjer å fortsetje å bu og trivast her, og at fleire kjem til og at feltet vert så folksamt som politikken kommunen fører legg opp til! Likeeins at barnehage- og skuleborn og alle dei andre som bur og lever tett langs vegen mot Andåskrysset skal få god nok vegstandard til å vere trygg ved den auka trafikken!

Eg er bekymra for at vår heim og vår livskvaliteten vil verte forringa. Eg er heilt imot avgjerda om at planområdet for reguleringsplan for bru vert utvida slik det syner på kartet. Eg ynskjer på det sterkaste at dette vert tatt omsyn til! De skriv at dette er for å sikre tilstrekkeleg areal for bruløysing og tilhøyrande areal for gjennomføring av prosjektet. Dette set eg meg sterkt imot!!

Munnlege samtalar med kommunale representantar formidlar at det ikkje er grunn til bekymring, at dette berre er ei heilgardering. Eg er likefullt uroleg. Eg veit svært lite. Eg ynskjer nemleg også å heilgardere meg, vere på den sikre sida at eg har huset mitt og området rundt i den stand det er i dag. Då tenker eg også råderett, verdi, utsyn, stilla og tryggleik. Dette varselet opplever eg som svært ubehageleg. Eg ynskjer ikkje at min bustad og min tomt skal verte omregulert inn i planområde for reguleringsplan for bru. Eg stiller spørsmålsteget ved at kommunen kan gjere dette så kort tid etter lovnader om -og fastsett reguleringsplan for- bustader og leikeplass m.m.

Her er per dags dato fire born. (Der er snart to til, dersom dei tør fortsetje bygginga slik stoda er no.) Desse sykklar og går til kvarandre, til postkassen og leikeplassen (det som er av den i dag!), samt mi eldste går til og frå skulebussen gjennom hyttfeltet til busstoppet på kaia. Anleggstrafikk gjennom feltet er derfor absolutt ikkje ynskjeleg!

Håpar på snarleg svar,
Venleg helsing Rita Birkeland-Sleire
Duesundøyna 40
5986 Hosteland

Sendt fra min iPhone